

VIKSDALEN BARNEHAGE

Viksdalen barnehage vart starta 01.12.1978 av Viksdalen Helselag.
Barnehagen flytta inn i Bygdetunet 23.11.1987.

Frå august 1999 vart barnehagen kommunal, Gaular Kommune.

Frå januar 2020 vart vi Sunnfjord Kommune.

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR VED OPPSTART

Når barnet tek til i barnehagen

Foreldre må vere med dei første dagane slik at barnet får tid til å bli kjent med barnehagen medan foreldrene er til stades. Det er gjerne lurt å ha litt korte dagar i byrjinga, for så å auke lengda etter kvart. Foreldra må i samarbeid med personale, avtale kor mykje tid dei vil bruke. Behovet vil variere frå barn til barn. Nye barn i barnehagen vil ha ein kontaktperson.

Frammøte

Når barnet tek til i barnehagen er det viktig at det kjem nokolunde regelmessig, slik at det vert kjent med dei andre barna og føler tilhøyring til gruppa. Dersom nokon tek fri, må ein gje melding til personale om det. Ein skal gje melding dersom barnet kjem etter kl.09.00

Klede, sko og innesko

Barna må ha med ekstra klesskift, dette bør ligge i hylla eller i sekken. Barna må ha kle som høver til værforholda. Regnkle og støvlar må vere med når det er teikn til at det blir regn.

Innesko kan vere lurt å ha, kan vere vått i garderoben.

Alle klede, sko, støvlar og regntøy bør merkast tydeleg med namn. Foreldre må også sørgje for at det er orden på barnet sin plass i garderoben.

Bleier

Av praktiske grunnar er vi ikkje så glade i "up and go" trusebleier. Kan dette unngåast er vi glade for det. Ynskjer de å bruke trusebleier på barnet når det er i bleiesluttefasen så er dette sjølvsagt greitt. Til å vaske barnet brukar vi helst våt papirserviett, dette av hygeniske grunnar.

Solkrem

Gjer det til ein regel at ein alltid smørjer inn barna med solkrem før dei kjem, personale smørjer dei utover dagen. Vi kjøper inn solkrem og har i barnehagen, men dersom dei skal ha ein spesiell type må dei ha med i sekken.

Dagleg kontakt

Kontakt mellom personale og foreldre ved henting og bringing. Her blir beskjeder utveksla, muntleg informasjon, foreldra kan spørje om ting ein lurar på her og no. Her er det viktig at vi har ein open og god tone, slik at ein unngår misforståingar. Det er viktig at foreldra gir beskjed dersom barnet har hatt ei uroleg natt osb.

Foreldresamtale

Dette er eit møte mellom foreldre og pedagogisk leiar. Her blir viktig informasjon om det enkelte barn utveksla. Ein prøver å ha to møter i løpet av barnehageåret. Begge partar kan be om samtale når dei meiner det er trong for det.

Foreldremøte

Dette er eit møte utan barn, det vert sendt ut innkalling med sakliste. Her gjev barnehagen informasjon om den daglege drifta ved barnehagen, opplegg og ting barnehagen arbeider med.

Foreldreråd

Er samansett av alle foreldra, og skal fremja foreldra sine felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom foreldra og barnehagen vert godt.

Samarbeidsutvalet

Er slik samansett: 2 frå foreldra, 2 frå personale og 1 frå kommunen. Styrar er sekretær for utvalet, og har forslags, talerett men ingen stemmerett. Utvalet er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra. Skal fastsetje årsplanen til barnehagen. Andre viktige saker er til dømes forslag til budsjett eller driftsendringar.

Personalmøte

For å kunne gje barna eit godt tilbod krev det ein del planlegging og organisering frå personale si side. Vi har personalmøte ein gong i månaden etter stengetid.

Planleggingsdagar og kurs

Personalet har 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret. Det vert arrangert ein del kurs for barnehagetilsette. Det er viktig for fagmiljøet i barnehagen at heile personalgruppa får fagleg kompetanse.

PRAKTISKE OPPLYSNINGAR: Dagleglivet i barnehagen

Dagsrytmen

Det er viktig for livet i barnehagen at vi har ein dagsrytme som fungerer godt. Dagsrytmen må ta hensyn til barnas fysiske behov som eting, kviling, fysisk aktivitet, stillesitjande og konsentrasjonskrevjande aktivitetar og ikkje minst trong for leik. Dagsrytmen må veksle mellom frie og vaksenstyrte aktivitetar.

Ein god dagsrytme er grunnlag for ein god barnehagedag.

Slik ser ein dag ut:

Kl. 07.00 Barnehagen opnar
Kl. 09.00 Frukost ferdig
Kl. 09.15 Tema, opplegg, tur, samling
Kl. 11.00 Matpause
Kl. 12.00 Leik ute/inne, soving
Kl. 14.00 Frukt og knekkebrød
Kl. 16.30 Barnehagen stenger

Frammøte

Gje melding om barnet kjem etter kl.09.00
Kl.09.15 startar ofte dei ulike aktivitetane.
Dersom barnet kjem seinare
kan dette avtalast med barnehagen.
Dersom barnet vert heime ein dag, enten
pga. sjukdom eller for å ha ein fridag,
så gje melding til barnehagen !

Garderobe

I barnehagen som elles er garderoben ein plass for å henge av seg/kle på seg ytterklede og setje frå seg sko. I barnehagen er dette ofte eit felles gjeremål og situasjonen bærer preg av trening i å kle av og på seg. Barna lærer å vente på tur og hjelpe kvarandre. Barna skal lære å halde styr på sine egne saker. Alle har kvart sitt namnskilt som kjenneteikn på plassen sin i garderoben.

Garderoben er også eit felles samlingspunkt frå den eine aktiviteten til den andre.

Når barnet kjem om morgonen skal alltid ein av personalet møte ved garderoben for å ta i mot barnet og syte for at barnet finn seg til rette i barnehagen.

Måltid

I Viksdalen barnehage starta vi opp med smørjemåltid september 2008.

Dvs. at barna får lunsj, mjølk og frukt i barnehagen, frå januar 2020 starta vi opp med å tilby frukost. Vi lagar varmat av og til.

Alle har med ei drikkeflaske som skal brukast i barnehage.

- Frukost er frå kl. 07.00 – 09.00
- Matpause er frå kl 11.00 – 11.45
- Frukt vert servert kl 14.00 ...

Matpengar per mnd.

- 100% plass kr. 350
- 80% plass kr. 280
- 60% plass kr. 210
- 50% plass kr. 180

Samlingsstund

Samlingsstund er ei tradisjonell organisasjonsform i barnehagen, da samlast vi i felles gruppe. Samlingsstunda kan innhalde så mangt, musikk, song, lesing, samtale, leik, dramaaktivitetar m.m. Ei samlingsstund har også faste ritual som "god morgon song", opprop og samtale om forskjellige tema. Hovudmålsetjinga med samlingsstund er å få ein felles oppleving på dagen, at vi møtast og gjer noko i lag. Svært ofte er samlingsstundas innhald knytt til det tema vi har i ein gitt periode. Samlingsstundas lengde varier. Det kan og vere at vi vel å dele barna i aldersgrupper under samlingsstunda.

Aktivitetar

Vi har tidvis gruppeaktivitetar som er planlagt i forhold til eit emne. Det kan vere ein formingsaktivitet, drama, gymnastikk, rolleleik, baking, turar, frileik m.m.

Grupper

Vi har ei barnegruppe med alder frå 1 til 6 år, som vi deler opp i aldersgrupper.

Kvilestund

Ein barnehagedag kan ta mykje krefter. Borna treng både aktivitet og ro.

Etter maten blir dei minste borna lagt til å sove, gjerne ute. Dei andre går ut.

Utetid og uteleik

Uteleiken er svært viktig i barnehagen. Den er med å støtte trongen for frisk luft og aktiv springande leik. Årstida avgjer som regel utforming av aktiviteten/leiken.

Vi er stort sett alltid ute etter matpause og nokre er ute på føremiddagen også.

ANDRE PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Buss bringing og henting

Dei som nyttar buss blir henta av ein vaksen utanfor grinda om morgonen og bringa om ettermiddagen.

Porten i barnehagen

Kvar gong De kjem eller forlet barnehagen skal porten lukkast forsvarleg. Barna skal ikkje få opne porten, fordi dei kan plutselig fare ut ein dag. Vi seier at dei ikkje har lov og gå utanfor porten utan ein vaksen. Før barna går ut om dagen sjekkar alltid personalet at porten er forsvarleg lukka på framsida og baksida.

Sko og klede

Barna må ha med ekstra kleskift, dette bør ligge i hylla eller i sekken. Barnet må ha kle som passar til værforholda. Regnkledde og støvlar skal alltid vere med når det er teikn til at det blir regn, eller henge fast i barnehagen.

Innesko kan vere lurt å ha, kan vere vått i garderoben.

Alle klede, sko, støvlar og regntøy bør merkast tydeleg med namn.

Foreldre må også sørge for at det er orden på barnet sin plass i garderoben.

Private leikar

Det har vore bestemt på foreldremøte at barn kan ta med ein leike i barnehagen. Det er no kvar fredag. Barnehagen er ikkje ansvarleg for desse leikane.

Barnet må tole at andre barn gjerne vil sjå og prøve leiken. Ta aldri med ting ein er redd skal bli øydelagt. Det bør heller ikkje vere lause smådeler på desse tinga.

Bursdagsfeiring

Barnehagen ordnar med noko sunn bursdagsmat som barnet får velge.

Personale lagar bursdagskrone til bursdagsbarnet.

Sjukdom

Smittefaren er stor i barnehagen, hald difor barnet heime når det er sjuk. Er barnet såpass dårleg at foreldra ikkje vil at barnet skal vere ute så skal barnet heller ikkje vere i barnehagen.

Dersom barnet har hatt diare/oppkast skal det vere heime 48 timar etter siste utbrot. Barn med feber bør vere heime til dei har vore utan feber i eit døgn. Elles følger vi retningslinjene til folkehelseinstituttet.

Skader og ulykker

Ved småskader skal personalet vere i stand til å behandle dette i den grad det er mogleg. Er vi usikre på om barnet treng legebehandling skal ein alltid ta kontakt med lege og føresette.

Foreldre skal alltid ha melding om eventuelle skader, det skal og førast logg over skadar i barnehagen.

Forsikring

Barn som har plass i kommunale barnehage er forsikra i opphaldstida og på veg til og frå barnehage/heim.

Samarbeidspartnarar

Vi samarbeider regelmessig og etter behov med: Helsesøster, tannhelsetenesta, fysioterapeut, Pedagogisk Psykologisk Tenestekontor, skule, bibliotek, kyrkje, Barne- og Ungdomspsykiatrisk Poliklinikk og Barnehabliteringa.

Ferie

Barnehagen har stengt tre veker i juli (28,29 og 30)

Barnehagebetaling

Får tilsendt krav frå kommunen.

Vedtekter

Alle foreldre må lese vedtektene når barnet startar i barnehagen.

Heng eit eksemplar på opplagstavla i barnehagen.

Du fin vedtektene for kommunale barnehagar på www.sunnfjord.kommune.no som tok til å gjelde frå 13.03.2020.